

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/16	Kommunestyret	PS	25.02.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Torleiv Frotjold	FA - A10	15/217

Melombels justering av oppdraget med utgreiingsarbeidet for ny Kaland barnehage

Vedlegg

Kart Kaland barnehage

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret gir arbeidsgruppa som skal utgreie ny- eller utvida barnehage i Kaland krins høve til å dele opp utgreiingsarbeidet. I første omgang utgreie ei kombinert ombygging og utbygging av eksisterande Kaland barnehage.

Dersom avklaring av ny skulestruktur fører til at ungdomssteget vert samla på Kaland barne- og ungdomsskule, vil det samstundes vert sett i gang naudsynt utgreiing og planlegging av heilt ny barnehage.

Kommunestyret - 020/16 - 25.02.2016

KS - behandling:

Fellesframlegg:

- 1.Austrheim kommunestyre tek delorienteringa frå arbeidsgruppa til vitande. Det vert sett i gang eit forprosjekt for å vurdera arealbehov for Kaland barnehage.
- 2.Austerheim kommunestyre løyver inntil kr 200 000 til arbeidet. Midlane vert teke frå 802 tilleggsløyvingar kommunestyret.
- 3.I forprosjektet bør ein vurdera om et skal byggjast heilt ny barnehage i krinsen.Prosjektet må vurdera dette realisert innafør det arealet kommunen eig.
Prosjektet må vurdera dette realisert innanfor det arealet kommunen eig idag.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

1. Austrheim kommunestyre tek delorienteringa frå arbeidsgruppa til vitande. Det sett i gang eit forprosjekt for å vurdera arealbehov for Kaland barnehage.
2. Austrheim kommunestyre løyver inntil kr. 200.000,- til arbeidet. Midlane vert teke frå 802 tilleggsøyvingar kommunestyret.
3. I forprosjektet bør ein vurdera om det skal byggjast heilt ny barnehage i krinsen. Prosjektet må vurdera dette realisert innafor det kommunen eig idag.

Saksopplysninger:

Det vert vist til vedtak i kommunestyresak 046/15 av 20.05.2015:

1. Austrheim kommunestyre tek delorienteringa frå arbeidsgruppa til vitande. Det vert sett i gang eit forprosjekt for å vurdera arealbehov for Kaland barnehage. Prosjektet bør vurdera areal innomhus og utomhus og sjå det saman med det eventuelle forprosjektet på omsorgsbustadar.
2. Austrheim kommunestyre løyver inntil kr 200 000 til arbeidet. Midlane vert teke frå 802 tilleggsøyvingar kommunestyret.
3. I forprosjektet bør ein vurdera om et skal byggjast heilt ny barnehage i krinsen.

Arbeidsgruppa som vart nedsett - mandat:

1. Skaffe oversikt over behovet for barnehagekapasiteten i krinsen
2. Med bakgrunn i Kaland skule sin situasjon etter vedtak om skulestruktur, finne ut om areal i skulen kan nyttast til utviding av barnehagen.
3. Vurdere løysingar for arealbehov for barnehagen.
4. Leggje fram forslag til løysing for Formannskapet og Kommunestyret – for at politikarane skal gi retning for vidare arbeid.
5. Gruppa kan leggje fram delløysingar av mandatet til politisk nivå.

Gruppa skal leggje fram materiale som kan leggjast til grunn for politiske vedtak.

Vurderingar så langt:

- A. Behovet for plassar, basert på nyaste statistikk for folketalsutvikling, vert vurdert til å vere 120 plassar. Det vil gi ein total kapasitet i Austrheim på 264 plassar (144 plassar av desse i Austrheim kystbarnehage).

Stipulata går fram til 2040. Dvs at folketallet aukar jamt fram mot 2040 – opp til 4 000. Barn i barnehagealder vil auke frå 6,5% til ca. 7,5% av folketallet fram mot 2030, for så å gå ned mot 6,5% fram mot 2040.

Dagens totale kapasitet i Austrheim kommune sitt barnehagetilbod er 144 + 72 (94 m/Vardehuset og hytta) = 216 plassar (238 m/Vardehuset og hytta).

- B. Å sjå utviding av Kaland barnehage saman med omsorgsbustader er ikkje aktuelt lenger, etter vedtak om å byggje omsorgsbustader på annan tomt.
- C. Uavklart skulestruktur gjer dette utgreiingsarbeidet krevjande. Følgjande senario for Kaland barne- og ungdomsskule sine behov, kan ein sjå føre seg når Kaland 1 vert riven:
- a. AVS vert lagt til Mongstadkrysset.
 - i. Ungdomssteget til Kaland krins. Dersom noverande skulebygg skal huse heile ungdomssteget, vil skulen få behov for barnehagen sitt areal. Då må det byggjast heilt ny barnehage.
 - ii. Dersom ein vel å byggje ungdomsskule i tilknytning til vgs, vil Kaland barneskule kunne greie seg med eksisterande areal - delvis i noko ombygd form innvendig + litt tilbygg til skulekjøkken.
 - b. AVS vert lagt til Mastrevik.
 - i. Ungdomssteget til Årås krins. Kaland barneskule – sjå pkt. ii. Ovanfor.

D. Arealbehov:

Noverande bruttoareal er på ca. 600 m². Ein stipulerer maksimalt behov for tilleggsareal til ca. 500 m². Dette kan sjå noko annleis ut dersom ein får til rasjonelle løysingar v/innvendig ombygging av eksisterande areal og ser det i samanheng med nytt areal. Dette vil ein få grundig belyst gjennom utgreiinga som vi vil lyse ut via Doffin.

Nytt bygg kontra tilbygg:

Dersom ein legg til grunn at m²-pris er kr. 30 000, vil ein heilt ny barnehage bli stipulert til ca. 1 100 m² x kr. 30 000 = kr. 33 000 000. Ved å nytte eksisterande bygningsmasse i kombinasjon med nybygg, vil ein minst kunne halvere prisen. Alle prisar er eks. mva.

Eksisterande bygningsmasse har god kvalitet. Første byggjesteg skal ha nytt tak, taksteinen har nådd sin normale maksalder. Elles trengs det normalt vedlikehald og eventuelle tekniske oppgraderingar/utskiftingar. Døme på det siste er friskluftanlegg i eldste byggjesteg.

Konklusjon:

Med utgangspunkt i punkta ovanfor, ser gruppa det som mest realistisk og overkommeleg å satse på ei ombygging og utbygging av noverande barnehage. Gruppa vil be om at kommunestyret vurderer om ein ein på noverande tidspunkt kan trekkje ut punkt 3 i KS-vedtak 046/15. Det vil redusere utgreiingskostnadene, og tidsbruken som går med til utgreiingsarbeidet.

